

KOMMISJONSVEDTAK**2014/EØS/32/12****av 6. desember 2007**

om fastsettning av ein modell for listene over einingar som er godkjende av medlemsstatane i samsvar med ulike føresegner i veterinærregelverket til Fellesskapet, og om reglane som gjeld for oversending av desse listene til Kommisjonen

[meldt under nummeret K(2007) 5882]

(Kodifisert utgåve)

(2007/846/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til rådsdirektiv 90/426/EØF av 26. juni 1990 om krav til dyrehelse ved forflytning av dyr av hestefamilien og innførsel av slike dyr fra tredjestater⁽⁴⁾, særleg artikkel 7,

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/429/EØF av 26. juni 1990 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel med rānesāed innenfor Fellesskapet og innførsel av rānesāed⁽⁵⁾, særleg artikkel 5 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg artikkel 11 nr. 6,

med tilvising til rådsdirektiv 91/68/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved handel med sau og geit innenfor Fellesskapet⁽⁶⁾, særleg artikkel 8a nr. 6,

med tilvising til rådsdirektiv 88/407/EØF av 14. juni 1988 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel med sād fra storfe innenfor Fellesskapet og innførsel av slik sād⁽²⁾, særleg artikkel 5 nr. 2,

med tilvising til rådsdirektiv 92/65/EØF av 13. juli 1992 om fastsettelse av krav til dyrehelse ved handel innenfor Fellesskapet med dyr, sād, egg og embryoer som ikke omfattes av kravene til dyrehelse fastsatt i de sārlike fellesskapsregler oppfōrt i vedlegg A del I til direktiv 90/425/EØF, og ved innførsel av nevnte dyr, sād, egg og embryoer til Fellesskapet⁽⁷⁾, særleg artikkel 18 nr. 1 fjerde strekpunktet, og ut frå desse synsmātane:

med tilvising til rådsdirektiv 89/556/EØF av 25. september 1989 om krav til dyrehelse ved handel med embryoer fra storfe innenfor Fellesskapet og innførsel av slike embryoer fra tredjestater⁽³⁾, særleg artikkel 5 nr. 3,

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 333 av 19.12.2007, s. 72, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterināere og plantesanitāere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 5.

(1) TEF L 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

(2) TEF L 194 av 22.7.1988, s. 10. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/16/EF (TEU L 11 av 17.1.2006, s. 21).

(3) TEF L 302 av 19.10.1989, s. 1. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/60/EF (TEU L 31 av 3.2.2006, s. 24).

(4) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 42. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

(5) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 62. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

(6) TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF.

(7) TEF L 268 av 14.9.1992, s. 54. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/265/EF (TEU L 114 av 1.5.2007, s. 17).

- 1) Kommissjonsvedtak 2001/106/EF av 24. januar 2001 om fastsettelse av en modell for listene over enheter som er godkjent av medlemsstatene for handel med levende dyr, sæd og embryoer innenfor Fellesskapet, og om reglene som gjelder for oversending av disse listene til Kommissjonen⁽¹⁾ er vorte endra monaleg fleire gonger⁽²⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske grunnar bør det nemnde vedtaket difor kodifiserast.
- 2) Handel innanfor Fellesskapet med storfe, svin, sauer, geiter og dyr av hestefamilien er tillate frå oppsamlingsentralar som er godkjende av dei rette styresmaktene i medlemsstaten der den einskilde sentralen ligg.
- 3) Handel innanfor Fellesskapet med storfesæd og rånesæd er tillate frå stasjonar som er godkjende av dei rette styresmaktene i medlemsstaten der den einskilde stasjonen ligg.
- 4) Handel innanfor Fellesskapet med embryo og egg frå storfe er tillate dersom embryoa og eggja er samla inn, handsama og lagra av embryoopsamlingsgrupper som er godkjende av dei rette styresmaktene i medlemsstaten der den einskilde gruppa er verksam.
- 5) Kvar medlemsstat skal sende over til Kommissjonen og dei andre medlemsstatane listene over oppsamlingsentralar, sædstasjonar og embryoopsamlingsgrupper som han har godkjent på territoriet sitt.
- 6) Det er naudsynt å harmonisere modellen for desse listene og måten dei vert oversende på, slik at det vert lettare å få tilgang til ajourførde lister i Fellesskapet.
- 7) Det er høveleg og føremålstenleg å nytte denne harmoniserte modellen for dei godkjende karanteneanlegga eller karantenestasjonane for andre importerte fuglar enn fjørfe.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Listene over dei einingane som er førde opp i vedlegg I, vil verte sende over til Kommissjonen i Word- eller Excel-format til følgjande e-postadresse: Inforvet@ec.europa.eu.

Listene vil verte utarbeidde i samsvar med modellane i vedlegg II.

Kommissjonen skal innanfor ramma av Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa melde frå til medlemsstatane om eventuelle endringar i format eller mottakarstad.

Artikkel 2

Vedtak 2001/106/EF vert oppheva.

Tilvisingar til det oppheva vedtaket skal forståast som tilvisingar til dette vedtaket, og skal lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg IV.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. desember 2007.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President

⁽¹⁾ TEF L 39 av 9.2.2001, s. 39. Vedtaket sist endra ved vedtak 2004/252/EF (TEU L 79 av 17.3.2004, s. 45).

⁽²⁾ Sjå vedlegg III.

VEDLEGG I

1. Oppsamlingsentralar som er godkjende i samsvar med artikkel 11 nr. 1 i direktiv 64/432/EØF, artikkel 7 nr. 1 i direktiv 90/426/EØF og artikkel 8a nr. 1 i direktiv 91/68/EØF.
2. Sædstasjonar og sædlager som er godkjende i samsvar med artikkel 5 nr. 1 i direktiv 88/407/EØF, og sædstasjonar som er godkjende i samsvar med artikkel 5 nr. 1 i direktiv 90/429/EØF.
3. Embryooppsamlingsgrupper som er godkjende i samsvar med artikkel 5 nr. 1 i direktiv 89/556/EØF.
4. Karanteneanlegg eller karantenestasjonar for fuglar som er godkjende i samsvar med artikkel 18 nr. 1 fjerde strekpunktet i direktiv 92/65/EØF og kommisjonsforordning (EF) nr. 318/2007⁽¹⁾.

⁽¹⁾ TEU L 84 av 24.3.2007, s. 7.

VEDLEGG II

Kvar liste skal ha éi av overskriftene nedanfor. Desse overskriftene omfattar indeksnummeret til lista, ein definisjon av dei einingane som det gjeld, ISO-koden til medlemsstaten og datoen for utarbeiding av lista (dag/månad/år). Einingane vil verte oppførde i numerisk rekkjefølgje etter godkjenings- eller registreringsnummer i samsvar med modellane i dette vedlegget.

I. Oppsamlingssentralar

- a) – Liste over oppsamlingssentralar som er godkjende for handel med storfe (direktiv 64/432/EØF), dyr av hestefamilien (direktiv 90/426/EØF), sauer og geiter (direktiv 91/68/EØF) innanfor Fellesskapet
- ... (ISO-koden til medlemsstaten)
 - .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Godkjeningsnummer	Namnet til oppsamlingssentralen	Adressa til oppsamlingssentralen	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse	Art
----------	-------------------	---------------------------------	----------------------------------	--	-----

- b) – Liste over oppsamlingssentralar som er godkjende for handel med storfe innanfor Fellesskapet (direktiv 64/432/EØF)
- ... (ISO-koden til medlemsstaten)
 - .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Godkjeningsnummer	Namnet til oppsamlingssentralen	Adressa til oppsamlingssentralen	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse
----------	-------------------	---------------------------------	----------------------------------	--

II. Sædstasjonar og sædlager

- a) – Liste over sædstasjonar som er godkjende for handel med storfesæd innanfor Fellesskapet (direktiv 88/407/EØF)
- ... (ISO-koden til medlemsstaten)
 - .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Registreringsnummer	Namnet til sædstasjonen	Adressa til sædstasjonen	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse
----------	---------------------	-------------------------	--------------------------	--

- b) – Liste over sædlager som er godkjende for handel med storfesæd innanfor Fellesskapet (direktiv 88/407/EØF)
- ... (ISO-kode)
 - .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Registreringsnummer	Namnet til sædlageret	Adressa til sædlageret	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse
----------	---------------------	-----------------------	------------------------	--

- c) – Liste over sædstasjonar som er godkjende for handel med rånesæd innanfor Fellesskapet (direktiv 90/429/EØF)
- ... (ISO-kode)
 - .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Registreringsnummer	Namnet til sædstasjonen	Adressa til sædstasjonen	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse
----------	---------------------	-------------------------	--------------------------	--

III. Embryooppsamlingsgrupper

- Liste over embryooppsamlingsgrupper som er godkjende for handel med embryo og egg frå storfe innanfor Fellesskapet (direktiv 89/556/EØF)
- ... (ISO-koden til medlemsstaten)
- .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Registreringsnummer	Namnet til gruppeveterinæren (-veterinærane)	(ET eller ET/IVF)(*) Adressa til gruppeveterinæren (-veterinærane)	Telefonnummer, telefaksnummer, e-postadresse
----------	---------------------	--	--	--

(*) ET for embryooppsamlingsgruppe, ET/IVF for embryoproduksjonsgruppe.

IV. Karanteneanlegg eller karantenestasjonar for fuglar

- Liste over godkjende karanteneanlegg eller karantenestasjonar ved import av andre fuglar enn fjørfe (direktiv 92/65/EØF)
- ... (ISO-koden til medlemsstaten)
- .../.../... (Dato for utarbeiding)

ISO-kode	Namnet til staten	Godkjeningsnummeret til karanteneanlegget eller karantenestasjonen
----------	-------------------	--

*VEDLEGG III***Oppheva vedtak med liste over kronologiske endringar**

Kommisjonsvedtak 2001/106/EF
(TEF L 39 av 9.2.2001, s. 39).

Kommisjonsvedtak 2002/279/EF
(TEF L 99 av 16.4.2002, s. 17).

berre artikkel 2

Kommisjonsvedtak 2004/252/EF
(TEU L 79 av 17.3.2004, s. 45).

*VEDLEGG IV***JAMFØRINGSTABELL**

Vedtak 2001/106/EF	Dette vedtaket
Artikkel 1	Artikkel 1
—	Artikkel 2
Artikkel 2	Artikkel 3
Vedlegg I	Vedlegg I
Vedlegg II	Vedlegg II
—	Vedlegg III
—	Vedlegg IV